



Bedehuskjellaren var nesten fylt ikveld

**Ikveld hadde Gunnar Kjærland det andre føredraget i serien om hans liv som pioner-misjonær og igjen gjorde 93-åringen et sterkt inntrykk med sitt engasjement og sin utrulege hukommelse. Meir enn 30 hørde han i bedehuskjellaren der han denne gongen gjekk nærare inn på tida frå 1948 då han og kona Edith etablerte seg i Etiopia og gjorde ein imponerande innsats.**

**Neste føredrag er 10. november og då vil Kjærland komma meir inn på den antropologiske sida. Ein viktig del av presentasjonen er ein einestående serie av bilete som ikkje minst fortel om hvor flinke paret frå Uskedalen har vore til å skapa menneskjeleg kontakt.**



[Gunnar - utan respekt for alder](#)

Dei var også tydelegvis svært dyktige til å finna dei mest effektive inngangsportane til samfunna på grensen til Kenya, til dømes i form av skule og klinikk. Det må ha vore ei stor oppleving for paret å koma attende til dette samfunnet og registrera korleis innsatsen deira har fått frukter.

Noko av det mest interessante og dramatiske kom på slutten og handla om utdrivinga av demonar og ånder som framleis finn stad i desse stroka. Kjærland refererte til evangelisten Johannes Wakos opplevingar saman med 3 misjonærar i landsbyen Arero. Etiopiske kristne gir åndene befalingar og åndene lyder dei, går det fram av ei bok som gjev eit fantastisk innsyn i eit tema som er omstridt og for mange utruleg.

Det er grunn til å sjå fram til føredrag nummer 3 som Kjærland skal halda i november. Han legg i denne serien fram ein grundig dokumentasjon av livsverket sitt, som burde ha vore ei bok eller eit TV-program.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen